

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
Saksbehandlar:  
Sak nr.: 2015/1434-616

## Saksgang

Fellesnemnda

04.05.2018

## Mandat for partssamansett utval (PSU)

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda vedtek mandat for partssamansett utval (PSU) i samsvar med fylkesrådmennene sitt forslag i saksframlegget.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

I reglement for fellesnemnda (27. oktober 2017) pkt 17, går det fram at fellesnemnda skal fastsetje mandat for det partssamansette utvalet. I fellesnemnda sitt møte 18. desember 2017 vart det vedteke at «Fellesnemnda vil – ved si godkjenning av (omstillings)avtalen – også vedta PSU sitt mandat.»

Fylkesrådmennene legg med dette fram forslag til mandat for partssamansett utval (PSU) for vedtak i fellesnemnda. Mandatsforslaget vart også lagt fram på møte i PSU, 24. april 2018, til orientering og utan merknader.

### 2. Forslag til mandat for PSU

Følgjande forslag til mandat for PSU vert lagt fram for vedtak i fellesnemnda:

#### **«1. Innleiing**

Partssamansett utval (PSU) er oppretta av fellesnemnda jf. Inndelingslova § 26 andre ledd for handsaming av saker som gjeld tilhøvet mellom den nye fylkeskommunen og dei tilsette.

Utvalet består av representantar for fylkeskommunen og dei tilsette, der fleirtalet i utvalet er dei politisk oppnemnde representantane.

Hovudavtalen del B § 4 gjev utfyllande reglar om arbeidsområde og samansetting for utvalet og seier mellom anna at partssamansett utval set fram forslag om og handsamar overordna retningslinjer for fylkeskommunen sin personalpolitikk, mellom anna tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.

Utvalet drøfter dessutan kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og iverksetjing av nasjonalt vedtekne reformer.

Det er ein føresetnad at tilsette og tillitsvalde vert involverte i bygginga av den nye organisasjonen gjennom gode ordningar og prosessar for medverknad. PSU skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom den nye arbeidsgjevaren og dei tilsette, og har med dette ei særskild viktig rolle som organ for medverknad. PSU skal vere ein arena for gjensidig informasjon, diskusjon og konsultasjon mellom fellesnemnda og dei hovudtillitsvalde på vegen mot etableringa av Vestland fylkeskommune. Gjennom samarbeidet i utvalet skal tilsette vere sikra medverknad i saker som gjeld tilhøvet mellom den nye fylkeskommunen og dei tilsette.

## **2. Formål/mandat og mynde**

PSU er innstillingsmynde til fellesnemnda (eller arbeidsutvalet der dette er delegert mynde) i følgjande saker:

- Omstillingsavtale
- Overordna retningslinjer for personalpolitikken
- Personalreglement der mynde ikkje er delegert til prosjektleiar
- Overordna strategiar og planar innanfor HMS og IA-området
- Forslag til budsjett og økonomiplan innanfor sitt arbeidsområde

PSU har uttalerett med omsyn til sluttrapporter frå alle prosjekt som er knytt til samanslåingsprosessen. PSU handsamar også andre saker som Hovudavtalen føreset handsama her, og andre relevante saker som partane ynskjer å informere om eller drøfte.

## **3. Samansetning**

PSU består av 9 medlemmer. 5 er valde blant fellesnemnda sine medlemmer og 4 medlemmer er valde av hovudsamanslutningane på vegner av dei tilsette.

## **4. Iverksetjing og endring**

Mandatet trer i kraft 4. mai 2018. Mandatet kan endrast av fellesnemnda.»